



Stord hamnestell

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Løyve etter forureiningslova til utfylling av steinmassar i sjø og undervasssprenging, Djupvasskai Eldøyane

Fylkesmannen gjev Stord hamnestell løyve til utfylling av ca. 75 000 m³ steinmassar i sjø og undervasssprenging av ca. 5 000 m³. Formålet med tiltaket er etablera ei ny djupvasskai på Eldøyane. Utfylling og undervasssprenging skal skje bak siltgardin. Siltgardinas funksjon skal overvakast med turbiditetsmålingar med alarmgrenser for stans i arbeida. Løyve er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Vilkår for løyvet er vedlagt.


Vi viser til søknad frå Multiconsult datert 1. april 2020 og møterreferat datert 2. juni 2020.

Fagleg grunnlag for søknaden er rapportar om geoteknisk og miljøgeologisk grunnundersøking i sjø og eit fagnotat som vurderer tiltakets risiko for forureining, påverknad på naturmangfald og fiskeriinteresser og forslag til nødvendige avbøtande tiltak (Multiconsult 2020).

Stord hamnestell skal etablere ein ny djupvasskai (145 meter x 16 meter) på Eldøyane næringspark. Tiltaket er tenkt gjennomført august – oktober 2020 (uke 32 – 42).

For å etablere kaia krevst det utdjuping av 1 190 m² sjøbotn for auka seglingsdjupne til minus 12 meter. Utdjuping krev fjerning av lausmassar og undervasssprengning av ein bergnabb. Totalt ca. 5 000 fm³ massar. Massane skal nyttast i fyllingskonstruksjonen som motfylling.

Utfyllinga i sjø over 4 240 m² sjøbotn er berekna til 56 000 m³ utfyllingsmassar. I tillegg skal det etablerast ei stabiliserande motfylling på ca. 15 000 m³. Totalt utfyllingsvolum er 76 000 m³. Utfylling vil skje frå land og frå lekter. Betongkaien vert fundamentert til fjell med pilarar, som vist i figur 1.



Situasjonsplan utdypning (blått) og utfylling og snitt kai (Multiconsult). Motfylling er ikkje vist.

Sjøbotn er undersøkt av Multiconsult. Massane i topplaget består i hovudsak av stein, sand og skjelsand og andel finstoff/leire er svært lågt. Det er bl.a. sprengstein frå tidlegare utfyllingar på staden. Av 16 forsøk på å få opp prøvemateriale (finstoff) lukkast berre to. I ein av desse prøvane, i området som skal fyllast ut, blei det funne tilstandsklasse III (moderat) for 3 PAH₁₆ komponentar. Det vart ikkje påvist tungmetall over normalt bakgrunnsnivå. Mengde lausmassar over bergnabben som skal sprengjast vekk, er beskriven om lite.

Mowi avd. Rensefisk Stord AS har inntaksleidning for sjøvatn på minus 160 meters djupne ca. 300 meter sør for tiltaksområdet og ei inntaksleidning på minus 40 meter djupne sørvest for tiltaksområdet. Den grunnaste leidninga vert nytta når sjøtemperaturen på minus 40 meter er over 8- 10 grader, normalt frå juni til november/desember. Multiconsult vurderer at det ikkje risiko for at partiklar skal nå hovud vassinntaket når utfylling og mudring/undervasssprenging skjer bak siltgardin.

Høyring

Søknaden blei sendt på høyring 14. april 2020 til Stord kommune, Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum, Fiskarlaget vest, Fiskeridirektoratet region Vest og Mowi avd. Rensefisk Stord, med høyringsfrist 12. mai 2020. Fylkesmannen fekk uttaler frå alle.

Stord kommune (28. april 2020) skriv at tiltaket er vurdert til å være i tråd med reguleringsplanane¹ i området og at byggesøknad er under handsaming.

Fiskeridirektoratet (19. mai 2020) skriv at ved bruk av siltgardin rundt utdypings og utfyllingsområda så vurderer dei ikkje vesentleg negativ effekt på fiskegryting eller direkte konflikt med utøving av fiske.

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum har i e-post av 12. mai 2020 avklart at det ikkje er kjente marine kulturminne i området, så museet har inga merknadar til tiltaket. Museet viser til den generelle

¹ Reguleringsplan Planid R-231-000, Eldøyane (2002) og reguleringsplan Planid 201309, Eldøyane Næringspark Sør (2015)



plikta etter kulturminnelova om augeblikkeleg stans i arbeid og varsling til kulturminnemynde dersom skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne vert observert.

Fiskarlaget Vest (12. mai 2020) har innhenta uttale frå Sunnhordaland fiskarlag (sitat):

"I Fiskeridirektoratet sitt kartverktøy er det registrert fiskeområde for aktive og passive reiskap i tilknytning til omsøkt tiltaksområde... I notatet frå Multiconsult under punkt 4.2, står det at tiltaket ikkje kjem i konflikt med dei registrerte fiskeområda og avbøtande tiltak er dermed ikkje relevante. Ein vil peike på at fiskeområda er ikkje nødvendigvis avgrensa til områda registrert i kart. I tillegg er fiskerinæringa avhengig av gode naturtilhøve. Ein føreset difor at det blir satt i verk tilstrekkeleg avbøtande tiltak for å hindre negativ innverknad på det marine miljø og unngå partikkelspreiing, då det er funne moderat forureining av einskilde typar PAH."

Mowi avd Rensefisk Stord (25. mai 2020) er einig i at sannsynet for å få partiklar inn i inntaksleidninga på minus 160 meter er liten, men konsekvensen viss dette skjer er stor. Mowi set inn ei gruppe med larver i anlegget fire gonger i året, ei gruppe i juni 2020 og neste gruppe i august/september 2020. Så det vil være to grupper i anlegget under anleggsarbeidet. Mowi anslår verdien pr. gruppe til 15 millionar kroner. Mowi meiner at risiko må reduserast med følgjande avgjerder:

- Spreiing av partiklar vert overvaka med måling av turbiditet, med alarmgrenser og stans i arbeida, på ein slik måte at vassinntaket vert sikra
- All sprenging og utfylling i sjø utanfor siltgardin skal skje på fløande sjø
- Byggherre må utstede ein garanti som dekker eventuelle tap Mowi måtte få som følgje av tiltaka i sjø

I møtoreferat frå møte 2. juni 2020 mellom Stord hamnestell, Mowi og Multiconsult er følgjande avklara (sitat):

- For å hindre partikkelspreiing frå anleggsarbeidet blir det lagt ut siltgardin som omsluttar sprengings- og fyllingsområdet, og som ligg frå sjøoverflata og til botnen. I alt er medtatt 6000 m².
- I tillegg til siltgardin vil byggherren gjennomføra turbiditetsmålingar for å ha kontroll på omfanget av eventuell spreiiing med sjøstraumen. Multiconsult AS vil utarbeida plan for måling og overvaking, førebels tenkjer ein seg målingar på utsida av siltduken samt ut forbi Sørøytåa ytst på Eldøyane. På dette partiet fell botnen bratt ned mot hovudinntaket til Mowi som ligg på -160 m vassdjup om lag 250-300 m sørom landanlegget.
- Mowi har også ein anna inntaksleidning, den ligg i retning ferjekaien på Skjersholmane på om lag 40 meters vassdjupne. Ein vurderer det slik at denne inntaksleidninga er meir utsett for inntak av partikkelspreiing frå kaianlegget. Mowi stadfesta i møtet at dei kun vil nytta djupvassinntaket på -160 m medan sprenging- og fyllingsarbeidet pågår.

Anbodet for kaianlegget er basert på entreprisekontraktstandard NS 8406. Byggherren er bevisst på kva ansvar det ligg i å hindre partikkelspreiing til sjøvassinntaka til Mowi. Entreprenøren vil ha det tekniske ansvaret for å gjennomføra sikringstiltak med siltgardin samt vedlikehald av gardina i byggetida.

Multiconsult AS vil ha ansvar for å setja ut og drifta turbiditetsmålingar.



Overordna risiko og ansvar ligg hos byggherren. Dersom det mot formodning likevel skulle oppstå skade på fisk, lyt Mowi eventuelt stilla krav mot byggherren, og ein eventuell tvist vil følgja gjeldande lovverk og føresegner.

Byggherren er innstilt på å halda Mowi AS informert om utviklinga i prosjektet samt kva tiltak som blir sett i verk. Når entreprenør er valt vil Mowi bli orientert. Ved oppstart av anleggsarbeida blir det halde oppstartsmøte, her vil Mowi bli invitert til å delta.

Grunngjeving for løyvet

Rettsleg grunnlag

Etter forureiningslova § 7 må ingen sette i verk noko som kan medføre forureining utan at det er lovleg etter unntaksreglane i forureiningslova § 8 eller tiltaket har løyve etter § 11 i lova.

Utfylling av stein i sjø frå land er mellombels anleggsarbeid og er som hovudregel lovleg utan løyve, jf. forureiningslova § 8 første ledd nr. 3, når forureininga frå anleggsarbeidet er "vanleg".

Utfylling på sjøbotn der utfyllinga kan bidra til å spreie forureina sediment og/eller reint finstoff som kan påverke fiskeinteresser, trua artar, marine naturtypar eller bidra til plastforureining, definerast ikkje som vanleg forureining og tiltaket må ha løyve.

Sprenging i sjø fell inn under definisjonen av mudring, jf. forureiningsforskrifta § 22-2. Mudring/undervasssprenging av sjøbotnmassar utført frå skip/lekter, krev alltid løyve, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Fylkesmannen er forureiningstyresmakt for slike saker.

Fylkesmannen nyttar Miljødirektoratets rettleiar M-350 I 2015 "Handtering av sedimenter" i vår vurdering av saka.

Fylkesmannen vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskriftas § 36-2 sine krav til innhald i søknader om tillatelse etter forureiningslova.

Avgrensing til anna lovverk

Fylkesmannen kan ikkje gje løyve etter forureiningslova dersom omsøkt tiltak er i strid med endelege planar etter plan- og bygningslova. I følgje uttale frå Stord kommune er tiltaket i samsvar med gjeldande planar.

Støy frå anleggsarbeidet vert handsama etter plan og bygningslova av Stord kommune som styresmakt, etter støygrenser sett i reguleringsplan.

Fare for forureining og negativ påverknad

Sprengstein som vert fylt på sjøbotn og mudring av lausmassar på sjøbotn vil spreie fine partiklar i sjøen. Spreiing av finstoff vil nedslamme sjøbotn rundt tiltaka og kan påverke marint liv negativt.

Fylkesmannen vurderer ut frå Multiconsults geotekniske og miljøgeologiske undersøkingar at det er liten risiko for spreieing av påviste forureiningar i sjøbotnsedimenta gjennom mudring av lausmassar og utfylling på sjøbotn. I topplaget på sjøbotn er det lite finstoff og konsentrasjon av dei tre påviste PAH₁₆ komponentane viser moderat forureining. Siltgardin vil hindre spreieing utanfor tiltaksområdet.



Risiko for negativ påverknad for registrerte fiskefelt nær tiltaksområdet (fiskefelt for aktive og passive reiskap) er vurdert som akseptabel pga. avstand til fiskefelta og bruk av siltgardin med turbiditetsovervaking som avbøtande tiltak. Fylkesmannen legg til grunn uttale frå Fiskeridirektoratet.

I denne saka er det ev. negativ påverknad på inntaksleidningane av sjøvatn til Mowi sitt landbaserte anlegg for oppdrett av leppefisk som utgjør størst risiko. Dersom fine partiklar over gitte konsentrasjoner og mengder kjem inn i anlegget, så kan det i verste fall slå ut to grupper med settefisklarver/ynge. Verdien av ei gruppe er angjeve til 15 millionar kroner. I følge møtereferat 2. juni 2020 vil Mowi ikkje nytta den næraste og grunnaste inntaksleidninga når tiltaket vert gjennomført.

Som ei ekstra sikring set Fylkesmannen vilkår om kontinuerleg måling av turbiditet, med alarmgrenser for stans i arbeida, slik det er avklara i høyringsdialogen vist ovanfor. Fylkesmannen set vilkår om at dei avbøtande tiltaka samla skal planleggjast slik at partikkelkonsentrasjonar frå tiltaket over 5 FNU ikkje skal nå inntaksleidninga på 160 meters djupne. Denne grensa er sett ut frå følgjande grunnlag:

I eit løyve, gjeve til Kværner i 2018, for mudring og dumping i sjø nordaust for vassinntaket var omsyn til Mowi sin inntaksleidning også eit tema. Det vart sett ei grense for turbiditet frå tiltaket ut frå anteke tolegrense for berggylt på 5 mg SS /l, som svarar til 5 FNU angjeve som turbiditet. Mowi eller Kværners konsulent (Cowi) fant ikkje forskning om konsentrasjon av suspenderte partiklar i sjøvatn som berggylt i ulike stadia toler utan skade. 5 mg SS/l er i forskning angjeve som tolegrense for dyreplankton, og det blei anteke at den grensa var representativ for berggylt i larvestadiet. Denne grensa på 5 FNU turbiditet vart sett som alarmgrense for den næraste turbiditetsmåleren til vassinntaket, plassert ca. 700 meter oppstrøms vassinntaket.

Detaljane om korleis dette skal gjennomførast i dette tiltaket skal dokumenterast i ein oppdatert plan for kontroll og overvåking som skal sendast Fylkesmannen før oppstart (vilkår 6.1.).

Fylkesmannen vil ikkje sette vilkår om at utfylling/undervasssprenging kun kan skje på fløande sjø, jf. Mowi sin høyringsuttale. Eit slikt vilkår for utføring av tiltaka vil etter Fylkesmannen mening medføre urimelege arbeidsforhold for tiltakshavar og entreprenør med tanke på planlegging, arbeidstid, kontraktsforhold, kostnader mv. Fylkesmannen meiner at med dei avbøtande tiltaka det vert sett vilkår om vil redusere risiko til eit akseptabelt nivå.

Trykkbølgjer frå sprenging under vatn, kan skade eller drepe fisk i nærleiken. Fylkesmannen set vilkår om at det skal nyttast sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehol (fordemming) og sekvensiell tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol). Dersom det viser seg at sprengingane gjer skader på fisk i nærleiken av tiltaksområdet, skal tiltakshavar vurdere behov for å sette av en liten ladning i vatnet kort tid før hovudladningen vert sprengd.

Sprengstein kan innehalde skyteleidningar av plast som kan spreia. Utfyllingsmassane bør kontrollerast slik at massane som blir nytta er eigna til utfylling og inneheld minst mogeleg finstoff og plast. Tiltakshavar må ha rutinar for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane, særleg skytestreng av plast.



Vurdering etter naturmangfaldlova og vassforskrifta

Når forureiningsstyresmakta avgjer om løyve skal gjevast og fastset nødvendige avbøtande tiltak (vilkår), skal prinsippa i naturmangfaldlova (nml) §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som retningslinjer. Løyve som kan ha innverknad på sjø skal også vurderast etter vassforskrifta.

Søk i databasen Naturbase 3. juni 2020 viser kamskjellførekomst i tiltaksområdet, karakterisert som viktig marin naturtype. Kamskjellførekomstane inngår i eit 8 720 dekar stort areal frå Skjærsholmane i sør til Leirvik i nord. Fylkesmannen legg til grunn at sjøområdet er regulert til industriområde i sjø og at aktivt fiske, derunder etter kamskjell, normalt ikkje skjer i et område med hyppig skipstrafikk. Fylkesmannen stiller vilkår om avbøtande tiltak for å redusere risiko for spreining av finstoff ut frå tiltaksområdet så Fylkesmannen meiner at risiko for negativ påverknad på kamskjell utanfor tiltaksområdet vil være akseptabel. Utover kamskjell er det ikkje registrert andre viktige marine naturtypar eller prioriterte artar i eller i nærleiken av tiltaksområdet.

Tiltak som gjev dårlegare miljøtilstand i ein vassførekomst er ikkje lov med mindre det kan gjevast unntak, jf. vassforskrifta § 12. I denne saken legg Fylkesmannen til grunn at det vil vere eit mellombels tiltak og at resipienten vil gjenopprettast når påverknaden stansar. Variasjonar i tilstanden til vassførekomst som følgje av anleggsarbeid kan det gjevast unntak for. Både forureiningssituasjonen og naturmangfaldet er kartlagt, og kravet i naturmangfaldlova § 8 om at saka skal baserast på eksisterande og tilgjengeleg kunnskap, er dermed oppfylt. Kunnskapsgrunnlaget for tiltaket er vurdert som tilstrekkeleg, og føre-var prinsippet i § 9 i naturmangfaldlova er ivareteke ved at tiltaket er regulert med vilkår etter forureiningslova.

Vedtak

Fylkesmannen gir Stord hamnestell løyve til mudring, undervasssprenging og utfylling i sjø ved Eldøyane. Løyvet er gitt med heimel i forureiningslova § 11, jf. forureiningsforskrifta § 22-6. Det er sett vilkår til løyvet med heimel i § 16 i same lov. Fylkesmannen har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Løyvet med vilkår følger vedlagt dette brevet.

At forureininga er tillat hindre ikkje erstatningsansvar for skade og ulempe eller tap forårsaka av forureininga, jf. forureiningslova § 56.

Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Gebyr for sakshandsaming

Fylkesmannen tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn Fylkesmannen ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 5, 66 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

Endring og omgjerung

De pliktar å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Fylkesmannen med heimel i forureiningslova § 18, endre vilkåra i løyvet og sette nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake.

Endringar skal være basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. At det er gjeve løyve til forureining, ekskluderer ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap forårsaka av forureining, jf. forureiningslova § 56.



Retten til å klage

De har fått løyve til tiltak i sjø. Dersom det likevel skulle være noko de ønskjer å klage på, inkludert vedtaket om gebyrsats, kan de klage til Miljødirektoratet, jf. forvaltningslova § 28. Fristen for å klage er tre veker etter at de har mottatt dette brevet. Klagen bør være skriftleg grunna, og den skal sendast til Fylkesmannen i Vestland.

Med helsing

Ingrid Torsnes
senioringeniør

Magne Nesse
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi med vedlegg til:

Stord kommune

Mowi avd Rensefisk Stord

Fiskeridirektoratet

Fiskarlaget Vest

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum

Multiconsult



Løyve til utfylling i sjø ved Djupvasskai Eldøyane for Stord hamnestell

Fylkesmannen gjev Stord hamnestell løyve med heimel i forureiningslova § 11. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad datert 1. april 2020. Løyvet gjeld frå dags dato.

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skriftleg med Fylkesmannen.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan to år skal de sende melding til Fylkesmannen. Fylkesmannen vil då vurdere eventuelle endringar i løyvet.

Fylkesmannens referanse

Tillatelsesnummer	Anleggsnummer
2020.0504.T	4614.0127.01

Bedriftsdata

Bedrift	Stord hamnestell
Postadresse	Postboks 304, 5402 Stord
Kommune og fylke	Stord, Vestland
Org.nummer	994 381 318 (Stord kommunale eigeendom)

Løyve gjeven: 3. juni 2020	
Ingrid Torsnes senioringeniør	Magne Nesse senioringeniør
<i>Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift</i>	

1. Løyvet omfattar

1.1 Omfang

Løyvet gjeld utfylling av ca. 76 000 m³ steinmassar i sjø og undervasssprenging av ca. 5 000 m³. Formålet med tiltaket er etablera ei ny djupvasskai på Eldøyane. Utfyllinga skal skje innafor areal avsett til kaiformål avklara i reguleringsplanar¹ for området og øvrige vedtak etter plan og bygningslova i saka.

1.2 Varsel om oppstart

Fylkesmannen skal varslast om oppstart av anleggsarbeidet, minimum ei veke før oppstart. Det kan varslast med en e-post til fmvlpost@fylkesmannen.no.

2. Generelle vilkår

2.1 Grunnlag for løyvet

Fylkesmannen legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 1. april 2020 og andre dokument framkome i sakshandsaminga, med mindre anna er avtalt med Fylkesmannen.

2.2 Ansvar

Stord hamnstell er ansvarleg for at vilkåra i løyvet vert haldne, og pliktar å sørgje for at dei som skal gjennomføre tiltaka er kjent med dei vilkår som gjeld.

2.3 Plikt til å redusere forureining

All forureining frå verksemda, også utslepp til luft og vatn og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om ein held utsleppa innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, også støy, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta gjeld også utslepp av komponentar det ikkje uttrykkjeleg er sett grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.4 Endring av løyve

Fylkesmannen kan oppheve eller endre vilkåra i løyvet, setje nye vilkår, og om nødvendig trekke løyvet tilbake, dersom vilkår gitt etter forureiningslova § 18 er til stades. Fylkesmannen har på same grunnlag rett til, på eitkvart tidspunkt, å stoppe tiltaket.

2.5 Kulturminne i sjø

Stiftelsen Bergens Sjøfartsmuseum gjer merksam på at tiltakshavaren pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan bli råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp att før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegnene i Lov av 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminne.

2.6 Saksbehandling etter anna lovverk

Dette løyvet frittek ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka, for eksempel hamne- og farvasslova og plan- og bygningslova.

¹ Reguleringsplan Planid R-231-000, Eldøyane (2002) og reguleringsplan Planid 201309, Eldøyane Næringspark Sør (2015)

3. Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Verksemda plikter å ha internkontroll. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda held krava i løyvet, forureiningslova og relevante forskrifter til lova. Verksemda plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Verksemda plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av risikoanalyse skal verksemda sette i verk risikoreduserande tiltak.

Verksemda plikter å sjå til at den som til ei kvar tid transporterer, fyller ut og på anna måte handterer massar, har internkontrollsystem i tråd med vilkår 3.1.

3.2 Beredskapsplan

Verksemda skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket, jf. forureiningslova § 40. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal være tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar, i flg. planen, kan oppstå.

3.2 Varsling om akutt forureining

Verksemda skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining (nødnummer 110).

Verksemda skal også, så snart som mogeleg, varsle Fylkesmannen i slike tilfelle på fmvlpost@fylkesmannen.no

4. Utfylling i sjø, mudring og undervasssprenging

4.1 Avklaring med Mowi

Tiltaka i sjø kan påverke akvakulturanlegget til Mowi avd Rensefisk Stord. Tiltakshavar må ha dialog med eigar av anlegget og planleggje for samdrift.

4.2 Kontroll av massar for utfylling og utfylling

Det skal nyttast mest mogeleg reine steinmassar til utfylling. Innhald av plastrestar og anna forureining frå sprengstein skal primært ikkje hamne i sjøen. Det skal lagast ei rutine for å reinske opp eventuelle forureiningar som kan følgje med steinmassane (skytestreng av plast mm).

Utfylling av utsprengt stein skal utførast så skånsamt som mogeleg for å redusere partikkelspreiing. Tiltaka skal gjennomførast innafor det arealet som godkjend i reguleringsplan og andre løyver etter plan- og bygningslova.

4.3 Avbøtade tiltak for å hindre spreiiing av finstoff

Det skal nyttast siltgardin rundt utfyllingsområdet. Siltgardina skal minimum dekke heile vassøyla og ha feste i botn. Det skal førast jamleg kontroll med at siltgardina fungerer etter hensikta, bl.a. vedlikehald av flyteelement slik at nødvendig fribord vert oppretthalde.

Dersom straum og vindtilhøve tidvis gjer det vanskeleg å nytte siltgardin kan siltgardin erstattast med andre tiltak som held tilbake finstoff/partiklar, eller tiltak for ekstra overvaking av turbiditet med alarmgrenser for stans i arbeida. Plan for alternative tiltak, med uttale frå Mowi, kan sendast Fylkesmannen, dersom dette vert aktuelt.

Dersom det oppstår unormale forhold som har eller kan få forureiningsmessige konsekvensar, skal tiltakshavar straks melde frå til Fylkesmannen.

4.4 Turbiditetsmålingar, alarmgrenser, stans i arbeidet

Turbiditetsmålingar skal planleggast og utførast i samsvar med Norsk Standard NS-EN ISO 7027-1 *Bestemmelse av turbiditet*.

I anleggsperioden skal det målast turbiditet ved minimum to målestasjon. Målestasjonar skal plasserast slik at dei er kan nyttast for å overvake turbiditet med alarmgrenser og rutinar for stans i arbeida før finpartiklar når inntaksleidning for leppefiskoppdrett på 160 meters djupne. Konsentrasjon av partiklar ved inntaksleidning, angjeve som turbiditet frå tiltaket, skal haldast på 5 FNU og lågare. Valt alarmgrense (over naturleg turbiditet/referanseverdi) for målestasjonane må dokumenterast.

Det må dokumenterast ein referanseverdi for turbiditet, enten fastsett på førehand ved målingar eller med ein referansestasjon der det vert teke målingar ved faste intervall under anleggsperioden.

Tid mellom kvar avlesing skal ikkje vere over 10 minutt. Om alarmgrensene vert overskride utover ei periode på 30 minutt skal arbeida stansast, årsaksforholda avklarast og nødvendige avbøtande tiltak gjennomførast. Dersom overskridinga skjer på grunn av arbeida, kan arbeida ikkje starte opp att før turbiditeten er nede på stabile nivå under alarmgrensene.

Metode for måling, djupne, referanseverdi, alarmgrense og plassering av stasjonar skal beskrivast i kontroll og overvåkingsplan, jf. vilkår 6.1.

4.5 Undervasssprenging

Det skal nyttast sprengingsteknikkar som reduserer trykkbølgjene ved sprenginga slik som tetting av borehol (fordemming) og sekvensiell tenning (kvart borehol sprengast for seg med forsinkelse til neste hol). Dersom det viser seg at sprengingane gjer skader på fisk i nærleiken av tiltaksområdet, skal tiltakshavar vurdere behov for å sette av en liten ladning i vatnet kort tid før hovudladningen vert sprengd.

5. Avfall

Verksemnda plikter, så langt det er mogeleg utan urimelege kostnader eller ulemper, å unngå at det vert danna avfall som følgje av tiltaket. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg.

Verksemnda plikter å sørge for at alt avfall, også farleg avfall, blir handtert i samsvar med gjeldande regler for dette fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

Siltgardiner skal etter bruk leverast til godkjent mottak.

6. Plan for overvaking og kontroll, sluttrapport og tilsyn

6.1 Plan for overvaking og kontroll

Det skal utførast kontroll og overvaking av tiltaka i sjø etter ein kontroll- og overvåkingsplan. Denne skal lagast i tråd med anbefalingar gjeve i *Rettleiar for handtering av sedimenter* M-350/2015, og stette løyvets vilkår.

Overvakinga skal være tilstrekkeleg til å avdekke eventuell spreiding av forureining i samband med gjennomføring av tiltaka. Planen skal sendast Fylkesmannen før tiltaket startar opp.

6.2 Sluttrapport

Stord hamnstell skal sende rapport til Fylkesmannen innan åtte veker etter at tiltaket er gjennomført. Rapporten skal innehalde:

- Opplysningar om kor store mengder masse som har blitt fylt ut (i m³ eller tonn).
- Oversikt over eventuelle avvik frå løyvet og kva slags korrigerande tiltak som vart sett i verk
- Dokumentasjon på levering av avfall

6.3 Tilsyn

Tiltakseigar plikter å la representantar frå Fylkesmannen føre tilsyn med anlegget når som helst.